


NORDDAL KOMMUNE



Reglement for: Folkevalde og politiske organ

INNHALD

1. Den enkelte folkevalte	3
2. Kommunestyret	4
3. Formannskapet	6
3.1 Partsamansett utval	6
4. Næringsfondsstyret	7
5. Eldrerådet	8
6. Råd for menneske med nedsette funksjonsevne	8
7. Ungdomsrådet	9
8. Planutvalet	9
9. Kontrollutvalet	9
10. Viltnemnda	10

1. Den enkelte folkevalte

1.1 Deltaking i møter

Den som er valt som medlem til kommunestyret har plikt til å delta i kommunestyret og andre organ/utval der ein deltek i kraft av å vere kommunestyremedlem.

Medlemmar i politiske organ/ utval skal ikkje ha gjeremål under sakshandsaminga som tek vekk merksemda frå sakene som er til handsaming, eller forstyrrar andre medlemmar.

1.2 Permisjon

Møte

Medlem av politisk organ kan søkje permisjon frå møte. For møte i kommunestyret og formannskapet skal grunngeven elektronisk søknad sendast til ordførar som avgjer søknaden, kopi skal til politisk sekretariat. For akutte tilfelle kontaktar ein ordførar på telefon. For andre utval er det sekretariatet som gir permisjon.

Politiske verv

Medlem av kommunestyret kan søkje permisjon frå vervet for kortare tidsrom eller resten av valperioden i samsvar med kommunelova § 15.2. Det er kommunestyret som handsamar søknaden.

1.3 Ugildskap

Folkevald er pliktig til å informere om ugildskap i handsaminga av ei sak etter reglane i kommunelova § 40.3 og forvaltningslova kapittel 2. Det er kommunestyret som fastset om eit medlem er ugild.

1.4 Spørsmål til ordføraren

Interpellasjon (grunngitte spørsmål), skal vere ordføraren i hende minst 10 dagar før kommunestyret. Dersom interpellasjonen kjem for seint vil ordføraren kunne utsette svaret til neste møte.

Dersom spørsmål/ førespurnad som kjem i møte skal realitetshandsamast, må desse takast inn på sakskartet. Om 1/3 av medlemmane eller ordførar motset seg oppføring på sakslista kan det ikkje først inn.

Interpellasjonar og spørsmål som ikkje er knytt til saker som er på sakskartet blir tekne til slutt i kommunestyremøtet, med mindre kommunestyret vedtek noko anna.

2. Kommunestyret

2.1 Val og samansetting

Kommunestyret består av 17 representantar, og er kommunen sitt øvste myndeorgan med det overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Ordførar skal veljast av kommunestyret blant formannskapet sine medlemmar. Kommunestyret vel og varaordførar blant formannskapet sine medlemmar. Både ordførar og varaordførar blir vald for heile perioden. Ordførar leiar møta i formannskapet og kommunestyret. Viser elles til § 9 i kommunelova når det gjeld ordføraren sine gjeremål. Har ordføraren forfall, vert møta leia av varaordføraren. Har både ordføraren og varaordføraren forfall, skal det veljast ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval - jfr. § 32 nr. 4 i kommunelova.

Reglar om å tre ut av kommunestyret, suspensjon og opprykk m.m. går fram av §§ 15 og 16 i kommunelova.

2.2 Ansvar

Kommunestyret er det øvste kommunale organet. Det gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje noko anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak - jfr. § 6 i kommunelova.

Kommunestyret skal handsame/gjere vedtak i alle saker som etter lov ligg til kommunestyret, og saker som elles er av overordna og/eller større prinsipiell karakter

Saker som kommunestyret har delegert til formannskapet eller andre faste utval m.m. og til administrasjonen går fram av vedteke delegasjonsreglement. Delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei retningslinene kommunestyret har fastsett i eige reglement.

Kommunestyret er klagenemnd for enkeltvedtak - jfr. § 28 i forvaltningslova.

Kommunestyret fattar sine vedtak i møte som er lovleg sett.

2.3 Innstillingsrett

Følgjande organ har direkte innstillingsrett i saker som skal behandlast i kommunestyret:

1. Formannskapet
2. Planutvalet
3. Kontrollutval i saker som går fram av lov, forskrift, eller der kommunestyret har bedt spesielt om det

Unntak går fram av delegasjonsreglementet.

2.4 Sakshandsamingsreglar folkevalte organ

For sakshandsaming i kommunestyret gjeld Kommunelova kapittel 6.

Forslag

a) Forslag skal leverast skriftleg til møteleiaren, og vere underteikna av forslagsstillaren. Forslag som gjeld val, tilsetting, utsetting av ei sak eller at eit forslag ikkje skal vedtakast, kan settast fram munnleg.

b) Møteleiaren skal referere dei framsette forslaga.

Jamfør kapittel 2 i kommunelova «De kommunale og fylkeskommunale organer».

2.5 Oppretting av nemnder/ komitear

Kommunestyret kan opprette nemnder/ komitear etter framlegg frå ordførar eller medlemmar av kommunestyret. Nemndene/ komiteane skal bli gitt konkrete og tidsavgrensa oppgåver, og skal levere si tilråding eller innstilling til rådmannen som fremmer sak til formannskapet. Når oppgåva er fullført, reknar ein nemnda/ komiteen for å vere avvikla.

Formannskapet kan opprette nemnder/ komitear dersom opprettinga ikkje kan vente til førstkomande kommunestyre utan at kommunen sine interesser vert skadelidande.

Komiteen skal ha minimum 3 medlemmar. Medlemmane skal helst veljast blant kommunestyremedlemmar og varamedlemmar, men og andre personar med særleg interesse, kompetanse og bakgrunn kan veljast dersom tema eller saksområde gjer dette ønskjeleg. Nemndene/ komiteane skal så langt det er mogleg ha representasjon på minimum 40 % av begge kjønn.

Oppgåver som komitémedlem bør så langt råd er gå på omgang mellom kommunestyremedlemmane, slik at alle over tid får høve til å ta del i komitéarbeid. Komiteen har krav på naudsynt fagleg hjelp og sekretærtjenester for å utføre oppdraget sitt.

2.6 Resultatrapportering, oppfølging av politiske vedtak.

Kommunestyret skal tre (3) gongar i året få lagt fram ein oversikt over kommunen sin økonomiske situasjon. Rådmannen arbeider ut oversikta som skal handsamast i formannskapet før ho vert lagt fram for kommunestyret. Oversikta skal vise forbruk i drifta i høve til vedtatt budsjett. Avvik skal synleggjerast, forklarast og konsekvensen skal vere vurdert. Forslag til tiltak for å få utgiftene i samsvar med budsjettet skal gå fram av oversikten.

Kommunestyret skal to (2) gongar i året få lagt fram ein oppdatert oversikt over gjennomføring og oppfølging av tidlegare politiske vedtak. Oversikta skal vise når og korleis vedtaket er gjennomført, og så langt råd er angi vidare oppfølging og handsaming av saka. Dersom eit vedtak ikkje er gjennomført skal grunnen til dette spesielt bli angitt, og det skal skildrast tiltak for snarast mogleg gjennomføring av vedtaket. Dersom forma på eller innhaldet i vedtaket, eller etterfølgjande hendingar gjer gjennomføringa umogleg eller vesentleg vanskelegare, skal dette bli spesielt angitt og forslag til løysing skal skildrast.

3. Formannskapet

3.1 Val og samansetting

Formannskapet skal veljast av kommunestyret etter dei retningslinjer som er bestemt i KommuneLOVA §8. Formannskapet består av 7 medlemmar og varamedlemmar.

3.2 Reglar for sakshandsaming

For sakshandsaming i formannskapet gjeld det som er bestemt i KommuneLOVA kapittel 6, 2 og 7.

3.3 Mindretalsanke

I saker der utvalet er delegert avgjerdsrett frå kommunestyret kan eit mindretal krevje at saka vert lagt fram for kommunestyret. Rådmannen kan anke saker. Krav om anke må leggast fram før møtet er slutt og først inn i møteboka.

3.4 Formannskapsmøter

Formannskapet sin møteplan skal:

- Vere tilpassa kommunestyret sin møteplan slik at saker som skal vidare frå formannskapet skal kunne takast opp i førstkomande kommunestyremøte.
- Vere tilpassa kommunen sin syklus for budsjett og rekneskap.

3.5 Underutval under formannskapet:

3.5.1 Partsamansett utval

3.5.1.1 Heimel og formål.

Partsamansett utval er fast utval etter kommuneLOVA sin § 25.

Hovudformål er å bidra inn mot kommunestyret si handtering av arbeidsgjevarrolla.

3.5.1.2 Val og samansetting

Partsamansett utval har 5 medlemmar med varamedlemmar der 3 skal veljast av kommunestyret for valperioden og 2 skal veljast blant dei tilsette. Utvalet sin leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret blant dei politisk valte medlemmane.

Valet skjer som forholdsval eller fleirtalsval, kommuneLOVA §§ 36 – 38.

Medlemmene skal vere medlemmer av kommunestyret. Minst eitt av medlemmene bør samtidig vere medlem av formannskapet.

Kommunalt tilsette kan ikkje veljast som arbeidsgivarrepresentantar.

Arbeidstakarrepresentantane blir valt i samsvar med hovudavtalen sin § 4.

3.5.1.3 Mynde og oppgåver

Innafor utvalet sitt arbeidsområde har utvalet innstillingsmynde overfor formannskapet i saker som har prinsipiell betyding og/eller økonomiske konsekvensar for kommunen. Utvalet avgjer sjølv vidare behandling av orienterings- og informasjonssaker.

Utvalet sin leiar eller eit mindretall på minimum 2 medlemmer i utvalet, kan til ei kvar tid krevje ei handsama sak brakt inn for formannskapet.

Utvalet skal handsame følgjande saker:

- Overordna langsiktige føringar for område som er delegert frå kommunestyret. Dette gjeld også praktisering av avtalar, reglement og andre avgjerder som gjeld arbeidstakaren sine tilsettings- og arbeidsvilkår, med mindre det er delegert til rådmannen.
- Saker av prinsipiell betydning knytt til arbeidsmiljø (innanfor utvalet sitt område), likestilling, omstillingsprosessar og konkurranseutsetting.
- Utvalet kan sjølv initiere saker utover dette dersom leiar eller minst 2 medlemmer ønskjer det. Saksførebuande mynde kan be om utdjuingar og avklaringar av den som initierer saka.

3.5.1.4 Utvalet sine møte

Leiar av utvalet fastset dagsorden og innkallar til møte. Rådmann er ansvarleg for utvalet sitt sekretariat. Utvalet si sakliste vert gjort tilgjengeleg på kommunen sine internettsider.

Møteplanen skal tilpassast kommunestyret sine møter. Utvalet kan ha møte utover dette når leiar eller eit fleirtal i utvalet ønskjer det.

Møteinnkalling skjer skriftleg med ei veke varsel til utvalet sine medlemmar og varamedlemmar. Det skal førast møtebok og protokoll frå møta. Utvalet kan fatte avgjerder når minst halvparten av medlemmane er til stades. Avgjerder blir treft med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal er leiar si stemme avgjerande.

4. Næringsfondsstyret

4.1 Heimel og formål

Næringsfondsstyret er heimla i kommunestyrevedtak KS 038/12.

Næringsfondsstyret skal forvalte næringsfondet i samsvar med retningsliner og vedtekter for næringsfondet i Norddal kommune.

4.2 Val og samansetting

Næringsfondsstyret skal ha fem medlemmar, derav fire politikarar og ein næringslivsrepresentant. Medlemmane vert valt av kommunestyret som også vel leiar og nestleiar.

4.3 Reglar for sakshandsaming

Når det gjeld møte, sakliste, innkalling, møteleiing, når utvalet er vedtaksført m.v. gjeld reglane i kap. 6 i kommunelova så langt dei høver og noko anna ikkje er bestemt i lov/forskrift eller i egne vedtak.

5. Eldrerådet

5.1 Heimel og formål

Eldrerådet er heimla i Eldrerådslova.

Eldrerådet skal rådgje kommunestyret i saker som vedkjem levekåra til eldre

5.2 Val og samansetting

Rådet vert vald av kommunestyret for valperioden og skal ha fem medlemmar med personlege varamedlemmar. Fire av medlemmane skal vere folkevalde eldrerepresentantar og eit medlem skal vere frå formannskapet. Fleirtalet av representantar skal vere pensjonistar. Pensjonistforeiningane har rett til å kome med framlegg om medlemmar til eldrerådet. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast mellom pensjonistane.

5.3 Ansvar

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen og skal ha til behandling alle saker som vedkjem levekåra for eldre. Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før endeleg saksbehandling og rådet kan etter eige ønske ta opp saker som vedkjem eldre. Rådet lagar ei årsmelding som følgjer kommunen si årsmelding.

5.1 Reglar for sakshandsaming

For saksbehandlinga i nemnda gjeld kva som er bestemt i Kommunelova kap.6. jfr.kap.2 og 7. I tillegg gjeld reglane i arbeidsreglement for kommunestyret så langt desse passar, med følgjande presiseringar:

- a) Sekretariatet kallar rådet saman dersom leiar eller 2 av medlemmane krev det før møte i formannskap for drøfting av saker/planar som vedkjem levekåra for eldre. Protokollen frå rådet følgjer saka fram til endeleg avgjerd.
- b) Representantar frå administrasjonen kan kalle inn til møte i rådet for å greie ut om saker.
- c) Møte skal vere ope.
- d) Ut over det som går fram av pkt. a-c fastset rådet sjølv tenleg arbeidsform.

6. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

6.1 Heimel og formål

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er heimla i «Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne».

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal rådgje kommunestyret i saker som vedkjem menneskjer med nedsett funksjonsevne.

6.2 Val og samansetting

Rådet skal ha fire medlemmer og desse vert vald av kommunestyret for valperioden. Kommunestyret vel leiar og nestleiar i rådet, organisasjonane har forslagsrett til medlemmar i rådet.

6.3 Ansvar

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal arbeide for at funksjonshemma ikkje vert diskriminert på grunnlag av nedsett funksjonsevne gjennom å rådgje kommunestyret.

6.4 Reglar for sakshandsaming

For saksbehandlinga i nemnda gjeld det som er bestemt i Kommunelova kap.6. jfr.kap.2 og 7. I tillegg gjeld reglane i arbeidsreglement for kommunestyret så langt desse passar.

7. Ungdomsrådet

7.1 Heimel og føremål

Ungdomsrådet er heimla i kommunestyret. Målsettinga for Ungdomsrådet (UR) i Norddal kommune er å engasjere ungdommen i praktisk politisk arbeid.

7.2 Val og samansetting

Ungdomsrådet skal ha minst 8 representantar og skal vere sett saman av 1 representant frå kvar ungdomsskuleklasse, samt to personar mellom 16- 18 år. Mellom desse vert leiar og nestleiar valde. Medlemmane vert valde for to år om gongen.

Rådmann og ordførar i kommunen har forslags- og talerett i UR.

7.3 Ansvar

Ungdomsrådet skal tal ungdommen si sak, og sjå til at barn og unge sine interesser vert ivarettatt gjennom å rådgje kommunestyret. Dei kan ta opp saker på eige initiativ.

7.4 Reglar for sakshandsaming

For sakshandsaminga i nemnda gjeld det som er bestemt i Kommunelova kap.6. jfr.kap.2 og 7. I tillegg gjeld reglane i arbeidsreglement for kommunestyret, så langt desse høver.

8. Planutvalet

8.1 Val og samansetting

Planutvalet er oppretta med heimel i Plan og bygningslova § 3.3. Medlemmane i formannskapet er medlemmane i planutvalet, i tillegg utnemner kommunestyret ein representant som skal ivareta barn og unges interesser.

8.2 Ansvar

Planutvalet er førebunde utval for kommunestyret og har avgjerslemynde i mindre saker jamfør delegeringsreglementet.

8.3 Reglar for sakshandsaming

Planutvalet har same reglar for sakshandsaming som formannskapet

9. Kontrollutvalet

9.1 Val og samansetting

Kontrollutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 77. Kontrollutvalet skal ha tre medlemmar med varamedlemmar valde av kommunestyret. Ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjersmynde og tilsette i kommunen kan ikkje veljast.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar mellom medlemmane i utvalet.

9.2 Ansvar

Kontrollutvalet sitt ansvarsområde går fram av § 77 i kommunelova og forskrifter gitt i medhald av denne.

9.3 Reglar for sakshandsaming

Når det gjeld møte, sakliste, innkalling, møteleiing, når utvalet er vedtaksført m.v. gjeld reglane i kap. 6 i kommunelova så langt dei høver og noko anna ikkje er bestemt i lov/forskrift eller i egne vedtak.

10. Viltnemnda

10.1 Val og samansetting

Viltnemnda vert valt av kommunestyret for valperioden, og skal ha 5 faste medlemmar og 3 vara i prioritert rekkjefølgje. Kommunestyret vel også leiar og nestleiar..

10.2 Ansvar

Viltnemnda skal etter § 6 i Viltlova arbeide for å fremje føremålet med lova og gi myndigheiter, organisasjonar, bedrifter og personar bistand, råd og rettleiing i saker om viltforvaltning.

10.3 Reglar for sakshandsaming

Når det gjeld møte, sakliste, innkalling og møteleiing når nemnda er vedtaksfør m.v. gjeld reglane i kap. 6 i kommunelova så langt dei høver om noko anna ikkje er bestemt i lov/føresegner eller egne vedtak. Kommunen sitt vedtak kan etter § 4 i Viltlova klagast på til Fylkesmannen.